

Mattis Himo, 1. kandidat i Møre og Romsdal
og Marie Sneve Martinussen, leiar i Raudt

Når forskjellane aukar er Raudt utfordraren som trengst

Eit sterkt Raudt trengst for å drive fram faktisk forandring. Visste du at det var vi som stilte forslag på Stortinget som førte til faste tilsetjingar framfor innleige frå bemanningsbransjen på byggje-plassane på Austlandet? Det same gjeld Noregs anerkjenning av Palestina. Stemma di gir oss styrken til å få til meir.

No går prisane opp. Det same gjer overskota til daglevarekjedene og bankane. Folk flest fortener å sitje igjen med meir. Meir pengar, meir makt og meir framtidstru.

Andre parti har fått mange sjansar, men forskjellane har berre halde fram med å auke. No er det på tide å stemme på ein utfordrar.

RAUDT JOBBAR FOR:

- At tannlege ikkje skal koste meir enn fastlege.
- Makspris på straum på 35 øre/kwh for både folk og bedrifter.
- Lågare skatt på vanlege og låge inntekter.

Foto: Ilene Pedersen.



Makspris på straum

Straum skal vere eit fellesgode – ikkje noko vi må kjøpe til ustabile og skyhøge prisar frå ein børs.

Gjennom 100 år har vi bygd landa på fornybar vasskraft, til nytte for både folk og næringsliv. Det kan vi heldigvis halde fram med. Då må vi sikre nasjonal, demokratisk kontroll over krafta.

RAUDT JOBBAR FOR:

- Ein makspris på straum, basert på kva han kostar å produsere.
- Ingen nye utanlandskabler.
- Veto mot EUs 4. energimarknadspakke.
- Storstilt satsing på energieffektivisering.
- Stans av nye vindkraftanlegg. Ta vare på naturen.




Bli med på laget

Meld deg inn på
raudt.no/bli-medlem

Raudt

STEM PÅ EIN
UTFORDRAR

Kamp mot
Forskjells-Noreg
Fritt Palestina
Gratis tannhelse



Faste, trygge jobbar og rettferdig pensjon

Arbeidsfolk er dei verkelege verdiskaparane og fortener å sitje igjen med meir av verdiane dei skaper. Det er urettferdig at det å eige aksjar eller å arve lønner seg mykje meir enn hardt arbeid.

Raudt vil stanse lausarbeid og useriøse arbeidsgivarar som undergrev faste tilsetjingar og fagrørsla.

Og når du blir sjuk eller pensjonist etter eit langt liv i arbeid, skal du sleppe å hamne under fattigdomsgrensa, slik altfor mange gjer i dag.

RAUDT JOBBAR FOR:

- Styrking av retten til heile, faste stillingar. Få vekk bemanningsbransjen.
- Å forsvare og forbetre sjukelønnsordninga.
- Opptrapping av pensjonane og velferdsstatens minstesatsar, så ingen lever under fattigdomsgrensa.

Foto: Ihne Pedersen.



Fritt Palestina

Folkemordet på Gaza må ta slutt. Om ikkje statsleirar må følgje folkeretten, er retten til det den sterkeste som gjeld. Noreg må gjere mykje meir for å presse Israel.

Det tok berre dagar frå Russland invaderte Ukraina til finansministeren instruerte Oljefondet om å trekkje seg ut av Russland. Kvifor skjedde ikkje det same med Israel?

RAUDT JOBBAR FOR:

- Full boikott av Israel. Oljefondet må ut.
- Å stanse sal av norske våpen, deler og militært utstyr til Israel.
- Straffeforfølging av folkemord og krigsbrotsverk.

Foto: Nikolas Gannon.

Meir folkestyre, mindre elitestyre

I verda rundt oss ser vi korleis eit knippe oligarker skaper eit fåmannsvelde og skor seg.

Ein elite innan EU, embetsverk og offentlege føretak får stadig meir makt, utan å ha vorte valt.

Raudt vil flytte makt vekk frå eliten og gjenreise folkestyret.

RAUDT JOBBAR FOR:

- Framleis nei til EU.
- Å erstatte EØS med ein ordinær og balansert handelsavtale.
- Flytting av makt frå ikkje-valde i føretak, toppar i offentleg forvaltning og overnasjonale organ til folkevalde.



Gratis tannhelse

Hos fastlegen har vi frikort, men hos tannlegen er det berre bankkortet som gjeld. Det har skapt eit Forskjells-Noreg innanfor tannhelse. Ei ordentleg tannhelsereform er derfor ein av våre viktigaste kampsaker.

RAUDT JOBBAR FOR:

- Eigendelstak på 2.500 kr. for alle hos tannlegen.
- At alle skal ha rett på akutt tannhelsehjelp.
- God tannhelsehjelp i heile landet.



Stem på ein *utfordrar*